

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 2 - 2024

Bøverdalen - Lom - Garmo

83. årgang

Informasjon frå kyrkjene i Lom

Kyrkjeblad for Lom

KYRKJENE I LOM

Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd

Per Morten Mork, tlf. 909 40 635
morkpermorten@gmail.com

Sokneprest

Margit Husevåg, tlf 478 99 763
margit.husevag@lom.kommune.no

Kyrkjeverje

Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær

Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar

Jonas Fjeld, tlf. 400 62 194
jonas.fjeld@lom.kommune.no

Organist

Rasim Ramazanov, 939 30 538
rasim.ramazanov@lom.kommune.no

Kyrkjelydsarbeidar

Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta

Tlf. 481 65 529
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet

Konto: 2085 07 11772 (merk «kyrkjeblad»)
Bladpengar pr. år: Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 200,- Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe:

Anne Sulheim, Asta Brimi, soknepresten,
kyrkjelydssekretæren og kyrkjeverja

Utforming/sideoppsett: Mediehuset Fjuken/OØR
Trykk: Dale-Gudbrands Trykkeri as
Tlf. 61 27 73 50 magnus@dg-trykk.no

framsidebilde: OØR

BLOMEFONDET

Gåver til Blomefondet ved gravferder:

NB! Det er svært viktig at du brukar vippesnummer og kontonummer som står i dødsannonserne, viss ikkje kan namnet ditt havne på feil gåveliste.

Gåver til Blomefondet utanom gravferder:

- **Konto 2085 29 66107**
- **Vipps 533520**

Du treng ikkje skrive kven som gjev gåva. Vi ser namnet på innbetalinga.

MEN! Dersom du gjev gåve frå fleire, eller andre enn deg sjølv, skriv namnet i kommentarfeltet.

Listene vil bli lagt ut i banken som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan klokka 11:00 gravferdsdagen slik at du kjem med på lista til dei etterlatte.

I kyrkjeblad nr. 4 i 2017 stod historia om blomefondet vårt som feira 70 år same året. I mange år var det eit blomefond i kvart sokn, men då det eine fondet var omrent tomt for midlar, vart dei samanslegne til eit fond frå 1. januar 2006. Slik er det framleis.

Er det spørsmål i samband med blomefondet, kan det rettast til kyrkjekontoret på tlf 481 65 527 eller kyrkjekontoret@lom.kommune.no



**Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad
er 13. aug. 2024.**



«Dø om så det gjelder»

Preken holdt i Bøverdalen kyrkje langfredag 2024.

«Se Guds lam, som bærer verdens synd». Johannes døperens ord om Jesus, mannen som i dag henrettes og dør fornedret på korset. «Se Guds lam, som bærer verdens synd».

Guds lam er med oss her i Bøverdalen kyrkje: Lammet lyser mot oss på alterkledet. Det uskyldige lammet som skal ofres – men som bærer seiersfanen.

De samme ordene ble sitert av en annen dødsdomt, en fange, Knut, som satt på Akershus under frihetskampen under Den andre verdenskrig. De ble viktige for ham. Fengselspresten Dagfinn Hauge (1908 – 2007) beskriver hans og mange andre dødsdomtes siste timer, dager og uker i en bok som utkom i 1945: Slik dør menn. Hauge var fengselsprest og sjelesørger fra 1941 til 1945 for alle som ble henrettet på Akershus festning. Senere ble han biskop i Tunsberg. Han døde i 2007.

Jeg leser et utdrag fra den unge fangen Knuts historie:

«Fredag 5 mai om kvelden satt jeg på et kontor i Kronprinsens gate og ventet på Knut. Benådningen var avslått. Eksekusjonen skulle finne sted – formodentlig på morgensiden. Jeg hadde fått i oppdrag å meddele fangen dette. Knut føres inn. Han prøver å gi meg hånden og ser på meg med noen vakre sjelfulle øyne som enda avspeilet noe av det han har gjennomlevd. Samtalens var snart inne i det dypeste og viktigste av alt. Vi tok fram de enkleste og klareste bibelordene. Et par av dem skrev vi opp på et stykke papir som han beholdt helt til slutt. Vi sang en salme av de kjente fra barneårene: Så ta da mine hender, og gikk så til alters sammen. Vi sang igjen; Skriv deg Jesus på mitt hjerte. En stund ble vi sittende ganske stille. Så bad han om at vi også måtte synge Jesus det eneste. Vi sang alle versene.

Klokken var blitt over ti, og jeg måtte innstille meg på å ta farvel. Enda hadde jeg ikke sagt noe like ut om at benådningen var avslått, og at siste reisen skulle gjøres i natt. «Jeg vet ikke hvor lenge du nå har igjen å leve, Knut. Kanskje bare noen timer». «Det har så lite å si. Det var underlig at jeg skulle få oppleve denne kvelden. Den oppveier liksom alt vondt. Jeg har vært heldig tross alt. Ikke alle av de mange som dør nå får tid til å tenke seg om slik. Jeg er trygg. Det

er så rart. Jeg tror nesten jeg er lykkelig». Så bad han om å få låne Bibelen. Han ble sittende og lese en stund. Jeg fikk beskjed om at jeg kunne bli værende utover natten.

Ved halv tre tiden vekket jeg ham. Vi holdt en kort andakt sammen. Jeg fortalte ham at jeg ikke kunne få være med ham helt til slutt. «Jeg tror nok det ville vært en hjelp for meg om du kunne vært med meg. Men jeg går ikke alene. Jesus Kristus er med. Jeg har dette papiret. Han holdt frem papirlappen som jeg hadde skrevet de to bibelordene på. «Se det Guds lam som bærer verdens synd. Den som kommer til meg, vil jeg ingenlunde støte ut».

«Om en times tid er du framme, Knut. Er du engstelig?» «Nei, det er bare så rart å tenke på det». En vaktmann gløtter på døren. «Jeg vil nødig forstyrre. Men de må snart være ferdig. «Vi snakket enda litt sammen, og så lyste jeg velsignelsen over ham. «Du får nok kraft til å være en sterk, norsk, kristen gutt helt til slutt. «Jeg skal prøve. Alt er meget bedre nå». «Du får tenke på ham som er gått samme veien før deg». Han reiste seg og gjorde seg i stand. På jakkeslaget lyste Røde Kors-merket. Symbolet på en sak han var grep av og hadde ofret meget av kraft og fritid på. Han hadde bedt om å få bære det til slutt. For siste gang trykket jeg hånden hans – og måtte så gå. Han var ikke alene igjen. «Skal jeg enn gå gjennom dødsskyggens dal, frykter jeg ikke for noe ondt, for du er med meg».

Så langt Hauges ord. Knut er ingen tradisjonell krigshelt, han har, etter hva jeg forstår, avfyrt ett skudd i sitt liv. Når han deltok i oppdrag som grenslos til Sverige. Det dreper en tysk soldat. Han har også samvittighetskvaler over å ha drept et medmenneske.

Disse mennene og kvinnene gjorde det samme som Gud gjør i sønnen Jesus. De konfronterer denne verdens ondskap og urett. Og de dør for det. Midt i frykten er de trygge på at den seieren Jesus har vunnet for dem på korset er endelig. De holder fast ved at den angår dem.

Verdens urett og ondskap må konfronteres, bekjempes og beseires. Men mennesket kan ikke makte det alene. Bare Gud kan vinne den kampen, og det gjør Kristus på korset. En uendelig kraft av godhet,

*...For det har
kostet Gud alt:
den eneste sønnen
som dør på korset*

som gir våre liv retning og mening. Den nåden, den barmhjertigheten er dyrebar. For den har kostet Gud alt: den eneste sønnen som dør på korset. Det er en kamp menneske og Gud må føre sammen.

Hva gir dem styrke i møtet med døden? Denne mørke dagen. Lammet på alterkledet, med sin seiersfane. Korset. På langfredag er det enklest å vite hvor Gud er. Han henger der, for oss. Hvis noen spør hvor Guds kjærlighet og nåde er, hvor den kommer mest til synne, er svaret korset.

Dagfinn Hauge skriver at de dødsdømte ofte legger alt hatet bak seg. De forsoner seg med verden, med alt. Det er seieren over seg selv - kanskje den tyngste seieren. Hauge beskriver en mildhet hos de dømte. Hatet og frykten er borte. En dødsdømt forteller at han forlater denne verden uten uvenner. Mer enn tusen ord, forklarer de ordene hva forsoning er.

Så leser jeg til sist et utdrag fra et brev sendt fra en annen dødsdømt, Lars, en ung dansk motstandsmann, til sin mor. Lars, født 1919 og bare 23 år, skriver: «Så kom de klokken tre og jeg har bare to timer igjen å leve. Jeg er så ung, så jeg mente det var så meget for meg å leve for, men jeg er ikke redd for å dø. Kjære

¹Dagfinn Hauge: *Slik dør menn*. Oslo: Lutherstiftelsen, 1945. Boken er utgitt flere ganger i nye opplag og utkom under tittelen "Slik døde de" i 1985.

mor, du leser hver dag om tusener, som er drept, forsøk å ta min død med samme sinnsløs. Jeg er kun en av de mange. Hils far fra meg, han kommer snart hjem, og dere skal ha mange gode år sammen. Takk for min delige barndom og alt siden. Lov meg nå, mor, sorg ikke over meg, det er jeg ikke verd. Jeg har følt presten hos meg, det gjør meg trygg og rolig. Jeg vil gjerne begraves fra en kirke, og syng Alltid freidig når du går, især det siste vers har jeg forsøkt å leve etter. Det er så mye jeg vil si deg, mor, men nå er min hjerne tom, og det er det kanskje ikke noe å si på. Takk for all din godhet mot meg i den tid jeg har vært her. Lev vel. Deres Lars.»

"Kors, lenge ennå forblir du verdens lys". Og når vi en dag trenger det, når klokkene ringer for oss, da vil det fortsatt lyse. Slik gir denne mørke dagen også håp og trøst for oss. Denne langfredagen blir vårt lys. Slik er denne dagen vår velsignelse. Se Guds lam, på korset, som bærer verdens synd.

Magnus Halle, sokneprest i Lesja

Fastesamling i Presthaugen

Som eit samarbeid mellom kyrkjene i Lom, Skjåk og Vågå har vi prøvd oss med ei felles samling for konfirmantane i forkant av fasteaksjonen før påske.

I fjor hadde vi eit opplegg med Lom og Skjåk, og i år vart alle tre bygdene med så det var ein god gjeng som møttest i Lom stavkyrkje. Her deltok vi på ei felles messe og fekk ei kort omvising før vi gjekk opp i Presthaugen. Her samla vi oss kring den nye grillplassen og fekk servert heilgrilla lammelår i brød. Ei fin påminning om Jesu siste måltid.

Deretter gjekk vi ned på ungdomsskulen der vi fekk informasjon om fasteaksjonen alle konfirmantane deltok på i veka etter. Totalt kom det i år inn nærmere 33 millionar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid med å skaffe rent vatn ulike stader i verda. Til slutt såg vi ein film som omhandla det å vera på søken etter noko større i livet.


Takk for ein fin dag saman, takk til Mogard i Skjåk for eit godt måltid og takk til konfirmantane for ein fin innsats under innsamlingsaksjonen.




Full aktivitet på kyrkjegården

Kyrkjelydssekretæren var snøgt innom på kyrkjegården i Lom ein fredag i mai. I solsteiken dreiv flittige pensjonistar frå Stokk og Stein å klinte taket på

muren med tjære. På andre sida dreiv nokre elevar frå arbeidslivsfag på Lom ungdomsskule og kanta blomsterfelt i god tid før plantinga. Takk for hjelpa!



Sverre Sørumgård og Tore Sveen





DEN NORSKE KYRKJA

Lom kyrkjelege råd

ÅRSMELDING 2023



ORGANISERING

Lom kyrkjelege råd har ni medlemmar.

	<u>Fram til valet:</u>	<u>Etter valet:</u>
Leiar:	Bente Sulheim Ovesen	Per Morten Mork
Nestleiar:	Per Morten Mork	Mina Rigmor Marstein
	Mariann Helstad Arild Løken Helge Husom Oluf Kvålshagen Mina Rigmor Marstein	Mariann Helstad Runa Smedsmo Kari Langøygard Kari Hesthagen Ragnhild Aamot Kveen
Frå kommunen:	Arnstein Rusten	Kristin Volden Mundhjeld
Sokneprest:	Hans J. Sagrusten (- 30.08.23)	Vikarprest

Administrasjonsutvalet har fem medlemmar.

Frå fellesrådet:	<u>Fram til valet:</u>	<u>Etter valet:</u>
	Helge Husom Mina Rigmor Marstein	Mariann Helstad Kari Hesthagen
Frå arbeidstakarane:	Jonas Fjeld Guri Husom	Jonas Fjeld Guri Husom

Lom kyrkjelege råd har i 2023 hatt 6 møte og behandla 36 saker. I tillegg er det sendt ut informasjon på e-post, når vi ikkje kunne ha rådsmøte.

Administrasjonsutvalet har hatt 3 møte og behandla budsjett og tilsetjingssaker.

TILSETTE

Lom kyrkjelege råd har arbeidsgjevaransvaret for dei kyrkjeleg tilsette.
Rådet hadde 6 fast tilsette i 2023.

Faste stillingar:

Kyrkjeverje: Anne Kristin Stenersen 80%

Kyrkjelydssekretær: Guri Husom 50%

Organist: Reidar Svare i 75% fram til 01.11 då han gjekk av med pensjon.

Kyrkjetenar, Jonas Fjeld 100%

Kyrkjetenar, Odd Gunnar Bergli 50%

Trusopplærar: Endre Skjåk 50% (Lom 25% og Skjåk 25%)

OPPGÅVER OG ANSVAR FOR LOM KYRKJELEGE RÅD

Lom kyrkjelege råd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide mål og planer for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremja samarbeid mellom sokneråda og ivareta interessa til sokna i høve til kommunen.

Det kyrkjelege fellesrådet er ansvarleg for:

- a) bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
- b) anlegg, drift og forvaltning av kyrkjegardar
- c) oppretting og nedlegging av stillingar som blir løna over budsjettet til fellesrådet
- d) syte for drift av kyrkjelyds- og prestekontor
- e) å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring

RÅDSARBEIDET I 2023

RESSURSBRUKEN

	Reknskapen 2023	Budsjett 2023
Driftsinntekter	6 812 827	6 373 430
Driftsutgifter	6 544 685	6 510 717
Finansinntekter	77 434	0
Netto driftsresultat	345 576	-117 287
Bruk av avsetningar	702 826	677 024
Avsetningar	704 084	599 737
Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	344 318	0

FOND

Fond knytt til Lom kyrkjelege råd var pr 31.12.23:

Bundne driftsfond, heile kr	2023	2022
Blomefondet	813 218	670 918
Orgelfond Garmo	332 682	332 682
Kyrkjebladet	22 302	22 302
Hilda og T.T Garmos Legat	7 137	7 137
J. Slettedes Minnefond	22 788	22 788
Tilskot til friviljug innsats (frå Den norske kyrkja)	15 000	15 000
Vedlikehald av Bøverdalskyrkja (overføring frå Ragnhild og Torsteins minnefond)	127 316	127 316
Overvakingskamera Garmo og Bøverdal	15 054	15 054

Ubundne disposisjonsfond	2023	2022
Disposisjonsfondet	1 582 218	1 582 218
Kyrkjegardsfond	100 842	100 842
Vedlikehald kyrkjer	558 298	239 314
Kateketstilling	175 894	175 894
Vedlikehald kyrkjelydhus Lom	36 744	36 744

VERKSEMDA I 2023 (2022 i parentes)

Messer og kyrkjelege handlingar

	Lom sokn	Garmo sokn	Bøverdalen sokn
Dåp	13 (18)	2 (1)	0 (1)
Konfirmasjon	11 (7)	4 (3)	6 (2)
Vigsel	8 (9)	2 (0)	2 (1)
Gravferd/urnenedsetting	25 (24)	4 (10)	6 (1)
Messe søn og heilagdag	19 (22)	13 (11)	13 (14)
Messe utanom søn/heilagdag	13 (7)	1 (2)	1 (1)
Kvardagsmesse på helseheimen	6 (6)	0 (0)	0 (0)
Konsertar/musikkarr.	2 (2)	2 (3)	0 (0)

KYRKJENE

Lomskyrkja:

- Tjærebreiing av kyrkjegardsmuren lot seg ikkje gjennomføre pga regn. Arbeidet er utsett til 2024.
- Skifta golvteppe i våpenhus

Garmo:

- Lom kommune har utvida parkeringsplassen. Ny flaggstong er montert. Servicehuset er beisa og delvis etterisolert.

Kyrkjegardane og dugnader

Det var godt frammøte på rake- og plantedugnadar ved alle kyrkjer.

Rådsmedlemmar var til stades heile tida for å passe på, hjelpe til og prate med folk. Det vart fine dagar med servering av kaffe og biteti.

Blomane som vart levert av Skjåk gartneri har stått seg fint gjennom sesongen på alle tre kyrkjegardar, sjølv om vi hadde svært mykje regn.

Kyrkjebladet

Det vart publisert 4 nummer av Kyrkjebladet. Underskotet i år er på 34 408,- Lomsnytt (informasjon frå Lom kommune) er ikkje lenger ein del av bladet, og Fjuken ved Ola Ø. Rossehaug har teke over oppsettet av bladet.

Blomefondet

Det er stabile inntekter til blomefondet, noko som kjem godt med. Vi kan tilsetje sommarhjelp i full stilling frå mai til september, men tilgang på arbeidskraft kan variere for kvar sesong. Vi kan difor ikkje garantere fullt stell kvart år. Vi har betalt løn til sommarhjelp, kjøpt inn plentraktor med hengar som kan flyttast mellom kyrkjene våre, mindre grasklypparar, reiskap og diverse utstyr til kyrkjegardane for pengane.

Omvisartenesta

Vi hadde tilsett 11 omvisarar i sommarsesongen, frå mai til september. Vi hadde ein auke i turisttrafikken og sit att med eit overskot på kr 1 917 117,-. Det er ca 35 000 besøkjande i Lomskyrkja per år. Dette er eit bidrag til både vedlikehald, drift og lønsutgifter for heile verksemda.

Konfirmantarbeidet

Konfirmantane har vore på tur til Trondheim, og delteke på Hekta-leiren i Håkons Hall. Konfirmantundervisninga blir leia av soknepresten, trusopplæraren og går føre seg annakvar veke på kyrkelydhuset i Lom med matservering av Terje Blakarstugun. Vi har starta eit samarbeid med Skjåk og Vågå fellesråd, og har hatt felles arrangement i Presthaugen med grilling av lam før påske.

Trusopplæringa

Det vart gjennomført småbarnssong, teikneseriekurs, påskevandring i Lomskyrkja, pynting i kyrkjene til jul, baking med 5-åringar og sång med 4-åringar. Det har vore utdelt 4-årsbok og biblar til 9-åringane. Vi har hatt kyrkjegardsvandring i Lom i samband med Allehelgen. Barneklangen har hatt auke i medlemstalet og er no så mange som 15 songfuglar. Presten, trusopplærar og organist er ansvarleg for trusopplæringa saman med friviljuge hjelparar som Randi Glimsdal, Sølvi Nilsen og Sina Holø Husom.

Diakoni

Rådet har oppretta eit diakoniutval som har kome i gang med songstunder på Helseheimen. Vi hadde konfirmant-jubileum 16. og 17.september for 50-, 60- og 70-års konfirmantar. Salmekveldar og temakveldar har vore arrangert i kyrkelydhuset i Lom stort sett annakvar veke i vårhavåret, men også nokre på hausten. Vi har invitert til 6 kyrkjecaffe-stunder med godt oppmøte. Servering på kyrkjegards-dugnadane våre trekkjer mykje folk som kosar seg i lag.


KONKLUSJON OG UTFORDRINGAR

I Lom har vi ein høg dåp-og konfirmantprosent i høve til innbyggjartalet. Vi er avhengige av friviljug innsats for å gjennomføre ulike tiltak, og vil med dette takke for alle som har stilt opp med baking til kyrkjecaffe, dugnadar inne og ute, arbeid med kyrkjebladet, og dei som stiller som kyrkjevertar, tekstlesarar og forsongarar. Vi vonar engasjementet vil halde fram. Takk til Lom kyrkjelege råd, dei tilsette, sokneprest Hans Sagrusten, og dei vikarprestane vi har fått hjelp av etter at soknepresten sluttar.

Mai 2024
Lom Kyrkjelege Råd

Per Morten Mork
Leiar

Glimt frå tidlegare årgangar



Konfirmantar i Bøverdal kyrkje 1954

Vi glipar med korrekturlesing i 2024, og det gjorde dei saktens i 1954 også.

Hadde vi studert biletet nøyne nok, så hadde vi sett at det som har overskrifta Konfirmantar i Garmo kyrkjelyd 1954 har tømra vegg, altså Bøverdal kyrkje. Medan biletet med overskrifta Konfirmantar i Bøverdal kyrkjelyd 1954 har bordkledd vegg som bakgrunn. Vi har fått hjelp frå fleire kantar med å namnsetja biletet av konfirmantar ved Bøverdal kyrkje. Men alle er ikkje einige om kven nr. 2 på fyrste rad er. Nokre meiner det er Erland Veslelia og andre at det er Tormod Helge Lunna.

I følgje kyrkjboka så er det Tormod Helge Lunna. Erland Veslelia står oppført som konfirmant den 2. oktober 1955.

Takk til alle som tok kontakt og engasjerte seg.

Fyrste rad frå venstre:

Ivar Aasen, Tormod Helge Lunna, Erling Røhr og Magne Røhr.

Andre rad frå venstre:

Egil Kleiven, prest Hans Ahlstrøm, Knut Flaten, Liv Horten Marstein og Åse Vole Dalen.



Sidan det vart plassmangel i førre kyrkjebladet, gjekk dette biletet ut. Men biletet av kyrkja vår med flatt tak er det ikkje ofte vi ser. Det hadde vore ei heilt anna kyrkje å koma inn i.
Godt nokon tok avgjerd med å opne opp! Fotograf: Axel Lindahl, 1886. (Norsk Folkemuseum)

Lom.

1370 L
Enger Walle



Tårnagentar i Bøverdalen



Alle 9-åringane i Lom har vore invitert på tårnagentsamling i Bøverdalen. Her fekk alle vera agentar og ta del i løysinga av eit mysterium gjennom ei oppdagingsferd i kyrkja som blant anna tok oss opp i tårnet. Til slutt fann alle gruppene fram til løysinga som var namnet på ei dokke som så vart "døypt" i tårnagentmessa.

Ei fin samling med mange ivrige frammøtte som både fekk utforska og vorte betre kjende i kyrkjebygget og lært litt om kva som skjer i ein dåp. Til hausten vert 8-åringane invitert på det same opplegget.





Garmo kyrkje



Bøverdal kyrkje



Lom kyrkje



Konfirmantar i Lom 2024

Konfirmantar i Lom kyrkje 18. mai 2024

1. rad frå venstre: Astrid Kleiven, Sandra Dagsgard, Anastasiia Remihailo, Kateryna Voloshyna og sokneprest Harald Schøien

2. rad frå venstre: Kristoffer Ringebo, Anders Magnus Rusten Sveine, Hallvard Hosarøygård, Viljar Østenseth-Bakke og Olve Mork Moe

Konfirmantar i Garmo kyrkje 25. mai 2024

Frå venstre: Juni Vestad, Sigrid Vangberg, Martine Horten og sokneprest Harald Schøien

Konfirmantar i Bøverdal kyrkje 1. juni 2024

1. rad frå venstre: Jo Jakup Ovesen, Live Sulheim Viken, Eldri Volden Mundhjeld og sokneprest Harald Schøien

2. rad frå venstre: Torjer Rusten Stee, Sander Bådshaug og Amund Holø

Glasmåleria i Bøverdalskyrkja



I Bøverdalskyrkja er det to glasmåleri, - eit på kvar side fremst i kyrkja. Desse er laga av Frøydis Haavardsholm. (1896-1984)

Det er fleire kyrkjer i landet med utsmykkingar som ho har laga. Mest kjent er kan hende Trefoldighetskirken i Oslo. Glasmåleria til dei fem korvindauga i Trefoldighetskirken blir rekna som eit av hennar hovudverk. Ho laga desse etter å ha levert inn utkast til ein konkurranse, som ho vann. I 1935 stod det i ei omtale av glasmåleria til Frøydis Haavardsholm: «På dette feltet står hun ubetinget som Norges, ja Nordens største kunstner.»


Korleis vart det slik at Bøverdalskyrkja fekk kunstverk frå ein så kjend kunstnar?

Bøverdalskyrkja stod ferdig bygd i 1864. I boka «Bøverdal kyrkje» står det: «Det gjekk mest 90 år

før det var gjort nemnande reparasjon på kyrkja. Som ventande kunne vera var det då mangt som trong vøling.» Dei begynte å planlegge restaurering av kyrkja like etter krigen. Hausten 1952 skreiv sokneprest Ahlstrøm: «Ein høgtidsdag vert det for Bøverdal kyrkjelyd den 5. oktober når kyrkja skal takast i bruk att etter at ho har vore stengd i meir enn eit par år på grunn av hovudvøling både utvendig og innvendig.» Glasmåleria som var tinga hjå Frøydis Haavardsholm, vart dessverre ikkje ferdige til denne høgtidsgudstenesta. Men under ei oppsummering av det arbeidet som vart gjort, står det mellom anna: «Fru Haavardsholm hjelpte til at 2 av glasa fekk glasmålarstykke til ein svært rimeleg pris.»

Budsjettet var nok stramt, og truleg var det den rimelege prisen som gjorde at dei hadde råd til desse kunstverka.





På det eine glasmåleriet står det:

«*Gud giv og oss den ros, ditt ord det er vårt ljos.
Guds ord det er vår ferdrearv til søner skal det
ganga.*»

Og på det andre glaset står det:

«*Mennesket lever ikkje berre av brød, men av Guds
ord. Det ord eg hev tala til dykk er ånd og liv.*»

Elles nytta ho symbola til dei fire evangelistane: menneske, løve, okse og ørn. Dette er gamle symbol som har vore mykje brukt opp gjennom tidene i kyrkjekunsten.

Da Bøverdalskyrkja var ny, vart det mellom anna hengt opp eit krusifiks i kyrkja som Eirik Rusten hadde gjort. Seinare vart det «kasta på mørkeloftet». Men Frøydis Haavardsholm meinte krusifikset burde hengje i kyrkja, og fekk det fram att. Der heng det framleis! Elles vil vi nemne at ho var med som fargekonsulent i samband med restaureringa av kyrkja. Ein ser at fargane er harmoniske og rolege.

Det vert fortalt at Frøydis Haavardsholm var svært produktiv i fleire år. Etter kvart fekk ho problem med å få arbeidet unna, men kvaliteten var alltid høg. I tillegg til glasmåleri vart ho kjend for å lage kyrkjekstilar, og illustrere bøker. Ho illustrerte fleire av dei liturgiske bøkene til den norske kyrkja. Men for folk her i Lom er ho nok betre kjend for illustrasjonane i verket «Norske gardsbruk». Dette bokverket frå 1950-talet finst nok framleis mange stader her.

Frøydis Haavardsholm hadde statens kunstnarløn frå 1940 og fekk Kongens fortjenestemedalje i gull 1953.

Kjelder:

Lom kyrkjelege råd. *Bøverdal kyrkje 150 år, 1864-2014*
Kielland, T. «Frøydis Haavardsholm» Gyldendals små
kunstbøker, 1935.

Norsk biografisk leksikon: [https://nbl.snl.no/
Fr%C3%BCydis_Haavardsholm](https://nbl.snl.no/Fr%C3%BCydis_Haavardsholm)


Dugnadsvask i kyrkjene våre

Dugnad er ein gammal skikk i Noreg, og arbeidsforma har eksistert i dei fleste land. Ordet stammar frå norrønt dugnaðr «hjelp, god gjerning, kraft» og er i slekt med ordet å duge. I Lom kyrkjelege råd arrangerer vi jamleg dugnadar for vasking av kyrkjene og planting og raking på kyrkjegardane.

Dugnadsanda i Noreg er nok ikkje den same som ho var før, men vi er likevel nøgde med at så mange stilte opp på vasking av kyrkjene våre. Lomskyrkja vaskar vi kvart år fordi vi har så mange turistar innom kyrkja.

No luktar det så godt av grønsåpe i alle kyrkjene våre, og vi rettar ein stor takk til dei som deltok med vasking og triveleg samvær etter arbeidet.

Mina Rigmor Marstein, Olav Kvålshagen, Lars Stee, Elin Sanden Kolden, Per Morten Mork, Runa Smedsmo, Mariann Helstad, Liv Husom, Kjetil Husom, Kai Gjessing, Mari Sletten, Anne K Stenersen, Jonas Fjeld, Kari Hesthagen, Kari Langøygard, Malli Stokke, Gro Anita Grøna og Terje Odde.



Tannlæge Methi, Lom

Kontortid kl. 10—2 og 5—6.

På Nordberg første mandag, på Aanstad
de øvrige mandager i hver måned.

Lom Th. Garmo

Virkelig velassortert forretning

Papir- og bokhandel

Fag-, religiøs- og skjønnlitteratur

Lom og Skjåk Sparebank

Alle vanlige bankforretninger utføres.

KONTORTIDER:

LOM: Onsdag og lørdag kl. 10,00—14,00.

SKJÅK: Lindsheim 3. fredag hver mnd.

kl. 11,00—14,00.

Bilkontoret øvrige fredager kl. 10,00—14,00.

Rentesatsene er f. t. følgende:

Innlån: 6 mnds. opsigelse 2½ %

Alm. sp.b.vilkår 2 %

Folio ½ %

Utlån: Pante- og vekselobl. 3½ %

Inkasso. Sikkerhetsbokser.

Hjemmesparebøsser.

Tannlækjar Sverre Rudsar

har privatpraksis frå kl. 3—5.

I Lom kvar måndag og fredag.

I Skjåk, Marlo, tysdag og onsdag.

TELEFON.



Ottadalen Mølle

Alltid der for deg

En ferie å glede seg til

Blå Kors har flere tilbud for
barnefamilier som strever. Med
din støtte kan vi hjelpe flere!



Gi trygge ferieopplevelser til
familier som har det vanskelig

Gi din gave på
vippes 13130



Lom Kooperative Handelslag

Skal det vera ei lita gåve
til kjende og kjære,
anten desse er her i bygda eller andre
stader, så hugs at ein porselensting med
Lomskyrkja på er høveleg.
Hugs at du fær kjøpt like så mykje
„Lomseggen“ på kaffikorta som andre
kaffislag og da må vel den saka vera
grei.

Andreas Holø.




STOKK & STEIN

2686 Lom Tlf. 90860858 www.stokkstein.no

Trusopplæringa framover

Laurdag 5. oktober er det bakedag i kyrkjelydshuset bak stavkyrkja for 5-åringane. Vi bakar mjukbrød, bollar og eplekake og smakar på baksten. Dagen etter er det messe der vi nyttar bollane til nattverdsbrød.

På Hausttakkemessa **6. oktober** i Lomskyrkja kl. 11:00 vert det utdelt 4-årsbok. Det vert servert haustsupe i kyrkjelydshuset etter messa for 4-åringane og foreldre.



STØRST AV ALT

På ljosmessa i Lomskyrkja sundag **1. desember** kl. 15:00 vert det utdelt adventsbok til 3-åringane. Her vert det også fakkeltog etterpå.

Alle 8-åringane i Lom vert invitert på tårnagentsamling i Bøverdalensundag **13. oktober**. Her skal vi ut på oppdagingsferd i kyrkja for å løyse eit mysterium, og vi får lære litt meir om kva som skjer på ein dåp. Dei som vil kan til og med få kome opp i tårnet. Samlinga vert avslutta med open messe.

Tala

Folk har mangt å tala om,
Eg vil heller teia still
enn ha ut or skume rom
det som helst eg ikkje vil.
Eg tek heller skrotet ut
i ei einsam stille stund,
legg det i min lengt til Gud
som kan reinska hug og munn.

Dikt av Kari Aukrust. På trykk i kyrkjebladet for Lom i mars 1954.

Kari H. Aukrust var fødd på nørdre Aukrust i Lom i 1900. Ho var forfattar og skreiv, mellom anna, mange fine dikt. Dette er eit av dei. Kari døydde i 1979.

Kyrkjebladet og vidare finansiering

Vi er takksame for alle gåver vi får til kyrkjebladet, men frå og med 2024 må vi delfinansiere produksjonen med annonseinntekter.

Vi har fått auka produksjonspris det siste året som fylgje av overgang til postdistribusjon. Dessutan er ikkje Lomsnytt ein del av bladet lenger, og vi får ikkje hjelpe av Lom kommune til å setje opp bladet. Av den grunn kjem vi til å kjøpe denne tenesta frå Mediehuset Fjuken.

Vi vonar de vil ta vel imot bladet sjølv om det kjem med annonsar.



Heim og ætt

Døypte:

Garmo:

12. juni: Trond Grøna

Lom:

10. mars Olav Stee

10. mars Emmely Sørhage Haugen

16. mars Anna Kjæstad

31. mars Eirik Elian Kolden

28. april Oline Mork

15. juni Eilev Graffer

16. juni Sigrid Welve

16. juni Henrik Stee Bø

16. juni Synne Haugen

Bøverdalen:

17. mars Kari Sofie Hanslien



Jordfesta:

Garmo:

4. april Ole Johannes Vestad f. 1946

12. april Ragnhild Byrøygard f. 1935

18. juni Trond Grøna f. 1943

19. juni Kolbjørn Ragnar Stokke f. 1951



Lom:

14. februar Theodor Skogstad Rusten f. 2024

28. mars Eldbjørg Nypan Vordahl f. 1942

5. april Rønnaug Høst f. 1933

9. april Torkjell Olstad f. 1933

18. mai Eilev Graffer f. 1949

31. mai Pål Synstnes f. 1937

4. juni Olav Kjørren f. 1928

21. juni Odd Arne Austin f. 1935

Bøverdalen:

1. mars Marit Sigrun Horten f. 1942

11. april Anna Maia Larsen f. 1932

Vigde:

Lom:

16. mars Ida Sveum og Reidar Kjæstad

11. mai Karen Magnhild Kleiven og Erling Vole



Om kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. Ein gong i året vil de finne giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set stor pris på at mange som bur utanfor bygda abonnerar på bladet. Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side 2.

Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og betalaren får ikkje blad i postkassa.

Levande ljós

Bruk av pynt og levande ljós på kyrkjegardane:

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Lom og Garmo. Og folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljós, men vi lyt minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljós eller noko som helst med open flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri. Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyt fjernast att når jula er over.

Særskilt julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kan kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20. januar.

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte for vert rydda seinast 1. mai, jf. Kyrkjegardsvedtekten.



Messeplan

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i kyrkjene i Lom, er det oftast messe i ei av kyrkjene i Skjåk – og omvendt. Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.

Sundag 07. juli

BØVERDAL KYRKJE kl 19:00

Sundag 14. juli

SOTA Regnbogmesse på Grimstadsetra kl. 12:00. Fellesmesse med Skjåk

Sundag 21. juli

LOM KYRKJE kl. 11:00

Måndag 29. juli

Olsokmesse
LOM KYRKJE kl. 18:00. Offer til Flykningehjelpa.

Sundag 04. august

GARMO GAMLE KYRKJETOMT kl. 11:00. Ta med stol!

Sundag 18. august

DALSVATNET kl. 12:00. Utumesse. Ta med stol!

Laurdag 31. august

LOM KYRKJE kl. 14:00. Konfirmantjubileum.
Offer til Kyrkjebladet.

Sundag 15. september

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00.
Konfirmantpresentasjon. Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 22. september

LOM KYRKJE kl. 11:00.

Sundag 06. oktober

LOM KYRKJE kl. 11:00. Utdeling av bok til 4-åringane. Offer til Trusopplæringa.

Sundag 13. oktober

GARMO KYRKJE kl. 11:00. Offer til TV-aksjonen

Sundag 13. oktober

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00. Offer til TV-aksjonen.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå lom.kommune.no, eller på heimesida vår: <https://t.ly/3BHFy>



Lik Kyrkjene i Lom på facebook!

facebook.com/lomkyrkjekommune